

SAUDA KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 14. oktober 2013
Tid: kl. 13.00
Stad: Sauda Rådhus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: *ogh@kontrollutvalgene.no*

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlem kan innkallast.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert for å orientere i sak 18/13

Sakliste:

17/13 Godkjenning av protokoll 16.09.13

18/13 Referatsaker 14.10.13

19/13 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2012

20/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013

21/13 Rapport etter forvaltningsrevisjon - Legetenesta

Eventuelt

Sauda/Aksdal, 07.10.13

Inge Løyning (sign.)
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 18/13)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.13	17/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.09.13

Saksvedlegg: Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.09.13


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.09.13 ligg ved saka til godkjenning.
Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.09.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Aksdal, 07.10.13



Odd Gunnar Høie
Utvalsesekretær

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 16. september 2013 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiding av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, møterommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H) og Wenche Pleym (Ap)
FORFALL:	Katrine Skorpe (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1. varamedlem Egil Bakke (A)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen frå KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Frode Sulen, rådmann Wictor Juul
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 29.04.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 29.04.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader. Wenche Pleym minna rådmannen om det som stod i protokollen under Eventuelt, om oppfølging av sak 04/13.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.13:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 29.04.13 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 13/13 REFERATSAKER 16.09.13

15. Statusoversikt pr. september 2013
16. Rapport frå FKT-konferansen 2013 (munnleg)
17. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
18. Rekneskapsrapport pr. 30.06.13 – kontroll og tilsyn
19. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
20. Kommunebarometeret – tabell 2013
21. Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.13:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Under pkt. 15 drøfta utvalet når og korleis rapporten om legetenesta skulle leggjast fram. Utvalet vart samd om at leiar orienterer kommunestyret i møte den 16.10.13, og at utvalet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret til handsaming på nyåret. Sekretær orienterte også om skifte av rekneskapsrevisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.13:

Kontrollutvalet tek referatsakene 15 - 21 til orientering.

SAK 14/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2013**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring av 05.09.13 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.13:

Utvalet hadde ingen merknader til erklæringa frå revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.13:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring av 05.09.13 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

SAK 15/13 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Sauda kommune for 2014 med ei totalramme på kr 618 000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	85 000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	147 000
Kjøp av revisjonstjenester	Kr	386 000

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.13:

Utvalet drøfta framlegget. Dei etterspurde kostnaden til rekneskapsrevisjon før og no – det vil seie før kommunen valde å kjøpe tenestene frå private. Sekretær skulle undersøkje dette. Utvalet hadde elles ingen merknader til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.13:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Sauda kommune for 2014 med ei totalramme på kr 618 000, som fordel seg slik:

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>85 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>147 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>386 000</i>

SAK 16/13 FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2014**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sauda vedtar følgjande møteplan for 2014:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Måndag 17. februar	Kl. 13.00	
Måndag 5. mai	Kl. 13.00	<i>Kan bli endra</i>
Måndag 15. september	Kl. 13.00	
Måndag 17. november	Kl. 13.00	

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.13:

Utvalet hadde ingen merknader til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.13:

Kontrollutvalet i Sauda vedtar følgjande møteplan for 2014:

<i>MØTE</i>	<i>TIDSPUNKT</i>	<i>MERKNADER</i>
<i>Måndag 17. februar</i>	<i>Kl. 13.00</i>	
<i>Måndag 5. mai</i>	<i>Kl. 13.00</i>	<i>Kan bli endra</i>
<i>Måndag 15. september</i>	<i>Kl. 13.00</i>	
<i>Måndag 17. november</i>	<i>Kl. 13.00</i>	

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Leiar orienterte om at utvalet hadde fått tilsvaret frå administrasjonen på merknadene som revisor hadde påpeika i årsoppgjersbrevet for 2012-rekneskapen. Utvalet vil få svaret lagt fram som eigen sak på neste møte.

Neste møte: 14.10.13, kl. 13.00

Sauda/Aksdal, 16.09.13

Inge Løyning
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.13	18/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.10.13**Saksvedlegg:**

- 22. Oppfølging av sak 04/13 – Rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming, orientering frå rådmannen
- 23. Statusoversikt pr. oktober 2013
- 24. Utgifter til rekneskapsrevisjon 2010-2013
- 25. Haustkonferansen 2013 – Sandnes

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 22 – 25 vert tatt til orientering.

Aksdal, 07.10.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAUDA KONTROLLUTVAL

SÆRUTSKRIFT

Måndag 18. februar 2013 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiing av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H), Wenche Pleyrn (Ap) og Katrine Skorpe (H)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen – Kari Hesjedal frå KPMG deltok via telefon
ANDRE SOM MØTTE:	Kommunalsjef fellestjenester Andreas Fløgstad og kommunalsjef teknisk Anders Skaarer i sak 04/13. Ordførar Frode Sulen, rådmann Alan G. Thompson og plan og beredskapskoordinator Jostein Overseid i sak 03/13 og 04/13
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 04/13, så 03/13 vart handsama fyrst, så blei sakslista følgd.

FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:

SAK 04/13 RUTINAR FOR ANBOD, KONTRAKTAR OG KLAGEHANDSAMING.

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen sin orientering om anbod, kontraktar og klagehandsaming til etterretning.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Rådmann, kommunalsjef fellestjenester og kommunalsjef teknisk orienterte om anbodsarbeidet og rutinar. Dei orienterte og om saken som gjaldt anbod for renovasjonstenesta i kommunen. Utvalet hadde på førehand fått tilsendt eit notat og mykje dokumentasjon om saka som gjaldt renovasjon.

Medlemmene hadde nokre spørsmål til orienteringane og den framlagde dokumentasjonen. Utvalet meinte dei fekk ei grundig orientering og at meningsutvekslinga om denne saken var god, spesielt hadde anbodsrutinar og kommunikasjon vore i fokus på ein konstruktiv måte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen sin orientering om anbod, kontraktar og klagehandsaming til etterretning.

Kontrollutvalet i Sauda ber Sauda kommune innarbeida dei konstruktive innspel som kom fram i møtet inn i sine innkjøpsrutinar.

Rett utskrift:

Odd Gunnar Høie (sign.)



Statusoversikt oktober 2013 – kontrollutvalet

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Legesenteret/legetenesta	29.04.13	200 timar	Ferdig	14.10.13	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroller					
Interkommunalt arkiv	25.04.12	18.02.13	K-st 10.04.13	Hausten 2013	
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	18.06.12	19.11.12	K-st 20.02.13		
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2012-2016		24.09.12	K-st 20.02.13		
Andre saker					

Emne **Utgifter til regnskapsrevisjon**
 Avsender Roy Ove Kvernenes <RoyOve.Kvernenes@sauda.kommune.no>
 Mottaker Odd Gunnar Høie <ogh@kontrollutvalgene.no>
 Dato 2013-09-23 07:36



Hei

Her kommer en oversikt over revisjonsutgiftene fra og med år 2010 til om med sept. 2013.

Regnskap 2013. NB. Her må en legge til ca. kr. 156.000,- i forvaltningsrev som ikke er bokført

Art	Budsjett	Faktisk Forbruk	Disp. beløp	Forbruksprosent
* Andre tjenester (som inngår i egen		76 262,50	76 262,50-	
** Kjøp av varer/tjen., komm. tjen.pr		76 262,50	76 262,50-	
* Kjøp fra IKS (kommune deltar)	631 000,00	141 000,00	490 000,00	22,35
** Kjøp av tjenester, erstatter komm.	631 000,00	141 000,00	490 000,00	22,35
* Merverdiavgift som gir rett til mo	93 750,00	48 737,50	45 012,50	51,99
** Overføringer	93 750,00	48 737,50	45 012,50	51,99
*** Driftsutgifter	724 750,00	266 000,00	458 750,00	36,70
**** Driftsresultat	724 750,00	266 000,00	458 750,00	36,70
***** Art	724 750,00	266 000,00	458 750,00	36,70

Regnskap 2012

Art	Budsjett	Faktisk Forbruk	Disp. beløp	Forbruksprosent
* Opplæring og kurs		13 200,00	13 200,00-	
* Andre tjenester (som inngår i egen		193 687,50	193 687,50-	
** Kjøp av varer/tjen., komm. tjen.pr		206 887,50	206 887,50-	
* Kjøp fra kommuner	497 000,00	127 200,00	369 800,00	25,59
* Kjøp fra IKS (kommune deltar)	152 000,00	154 128,80	2 128,80-	101,40
** Kjøp av tjenester, erstatter komm.	649 000,00	281 328,80	367 671,20	43,35
* Merverdiavgift som gir rett til mo		19 331,20	19 331,20-	
** Overføringer		19 331,20	19 331,20-	
*** Driftsutgifter	649 000,00	507 547,50	141 452,50	78,20
**** Driftsresultat	649 000,00	507 547,50	141 452,50	78,20
***** Art	649 000,00	507 547,50	141 452,50	78,20

Regnskap 2011

Art	Budsjett	Faktisk Forbruk	Disp. beløp	Forbruksprosent
* Matvarer		1 108,00	1 108,00-	
* Opplæring og kurs	13 445,00	34 139,00	20 694,00-	253,92
** Kjøp av varer/tjen., komm. tjen.pr	13 445,00	35 247,00	21 802,00-	262,16
* Kjøp fra kommuner	340 000,00	317 004,00	22 996,00	93,24
* Kjøp fra IKS (kommune deltar)	136 555,00	108 803,00	27 752,00	79,68
** Kjøp av tjenester, erstatter komm.	476 555,00	425 807,00	50 748,00	89,35
*** Driftsutgifter	490 000,00	461 054,00	28 946,00	94,09
* Fordelte utgifter / Internsalg	40 000,00-		40 000,00-	
** Salgsinntekter	40 000,00-		40 000,00-	
*** Driftsinntekter	40 000,00-		40 000,00-	
**** Driftsresultat	450 000,00	461 054,00	11 054,00-	102,46
***** Art	450 000,00	461 054,00	11 054,00-	102,46

Regnskap 2010

Art	Budsjett	Faktisk Forbruk	Disp. beløp	Forbruksprosent
* Opplæring og kurs	85 000,00		85 000,00	
* Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.		1 000,00	1 000,00-	
** Kjøp av varer/tjen., komm. tjen.pr	85 000,00	1 000,00	84 000,00	1,18
* Kjøp fra kommuner	317 000,00	351 025,00	34 025,00-	110,73
* Kjøp fra IKS (kommune deltar)	125 000,00	93 900,00	31 100,00	75,12
** Kjøp av tjenester, erstatter komm.	442 000,00	444 925,00	2 925,00-	100,66
*** Driftsutgifter	527 000,00	445 925,00	81 075,00	84,62
* Fordelte utgifter / Internsalg	40 000,00-	40 000,00-		100,00
** Salgsinntekter	40 000,00-	40 000,00-		100,00
*** Driftsinntekter	40 000,00-	40 000,00-		100,00
**** Driftsresultat	487 000,00	405 925,00	81 075,00	83,35
***** Art	487 000,00	405 925,00	81 075,00	83,35

Ha en fortsatt fin dag,

Roy Ove Kvernenes
Regnskapssjef / Skatteoppkrever



Sauda kommune

Telefon: 52 78 62 12 / 957 00 101

roy-ove.kvernenes@sauda.kommune.no

Besøksadr: Rådhusgata 32, 4200 Sauda

Postadr: Postboks 44, 4201 Sauda

Kundetorg: 52 78 62 00

www.sauda.kommune.no

Litt bedre hver dag!

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2013

Quality Hotel Residence, Sandnes

7. november 2013

PROGRAM

- 10:00 **Velkommen**
Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget
- 10:05 **Tilsyn – fylkesmannens rolle, samordning og utfordringer**
Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator- Fylkesmannen i Rogaland
- 10:30 Pause
- 10:45 **Samfunnssikkerhet og beredskap – kommunenes ansvar**
Reidar Johnsen fylkesberedskapssjef og Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator - Fylkesmannen i Rogaland
- 11:30 Pause
- 11:45 **Høringer**
Wencke S. Olsen, daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat
- 12:20 **Årsmøte 2013 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland**
- 12:30 **Lunsj**
- 13:30 **NAV i kommunene - samhandling, styring, ansvar og oppgaver**
Erik Baust, NAV leder Sauda
- 14:15 Pause
- 14:30 **Rogaland – et korrupsjonsparadis?**
Pål Jæger-Pedersen, advokat PwC og Knut Erik Friis, partner PwC
- 15:15 **Avslutning**

Pris kr 900.- pr. person

Påmelding innen **23. oktober** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.13	19/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2012

Vedlegg: Tilsvaret fra administrasjonen – dagsett 12.09.13
Årsoppgjersbrev – brev nr. 1, 2012 – fra KPMG

Bakgrunn:

Ifølge Kontrollutvalgsforskriften § 8 skal kontrollutvalet sjå til at revisor sine merknader i forhold til rekneskapen (årsoppgjersbrev) vert fylgt opp.

I vedtak frå kontrollutvalet sitt møte 15.05.13 i sak 08/13 heiter det mellom anna:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgt opp.

Saksorientering:

Sauda kommune har i brev av 12.09.13 svara på utvalet sitt vedtak (sjå vedlegg).


I brevet går det fram at rådmannen i all hovudsak har etterkome revisor sine merknader. Det blir vist til at nytt økonomisystem skal innførast i nær framtid. Vidare er deling av administrasjonsrettar vanskeleg å etterkomme med så få tilsette. Det same er større deling av attestasjonsprofilar og tilvisningsansvar.

Det vert forutsett at revisor og administrasjonen arbeider vidare med å etterkome revisjonen sine merknader i det vidare samarbeidet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen for 2012 til orientering.

Aksdal, 07.10.13



Odd Gunnar Høie
Utvalsesekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 12.09.13
Journalført: 13/287/ogl
Arkivkode: 216

Sauda kontrollutval
Haugaland kontrollutvalssekretariat
v/ Inge Løyning
5570 AKSDAL

Dykkar ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	11/714-49/13/9019/Victor Juul	033	12.09.2013

Oppfølging av merknader i årsoppgjørsbrevet 2012

1. Spørsmål om avstemming av forsystem mot bokføring i hovedbok.
Vi meiner å ha rutiner for dette i dag, men ser at vi må sikra betre dokumentasjon. Ved innføring av nytt økonomisystem vil vi utarbeida rutinar og laga eit overordna økonomireglement. Nytt økonomisystem skal innførast i 2014 – 2015
2. Spørsmål om administrasjonsrettar i økonomisystemet.
Slik vi ser det er Sauda kommune for liten til ei slik deling av administrasjonsrettar som de foreslår. Dette fordi vårt økonomikontor har for få tilsette til at vi kan gjennomføre ei slik fordeling. For å koma i møte anbefalingane og samstundes sikra våre tilsette vil vi gjennomføra ein kvartalsvis kontroll av tilsette sine bankkontoar. Dette for å kontrollera om overføringane frå kommunen er slik ein kan forventa.
3. Spørsmål om attestasjonsprofilar og tilvisningsansvar.
Å gjennomføre ei slik deling som de anbefaler vil det vera lite hensikt i for fleire av våre einingar/ ansvarsområde. Dette fordi vi opplever at fordelinga har liten hensikt om dei som skal tilvisa/ attestera ikkje har kompetanse til å kunne gjennomføra dette på ein kvalitativt god måte. Skal det vere nokon hensikt i ei slik deling må medarbeidarane ha kompetanse om det arbeidet dei skal gjera ved attestasjon og/ eller tilvisning.
4. Spørsmål om "rebudsjettering".
Vi vil gjennomføra denne anbefalinga frå 2013.

Med helsing
Sauda kommune

Victor Juul
rådmann

Blei løst fra i møte 29/4-13



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 29.04.13
Journalført:
Arkivkode: 216

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Sauda kommune
Roy Ove Kvernenes
Postboks44
4201 SAUDA

Deres ref

Vår ref TK

22. april 2013

Sauda kommune - brev til ledelsen nr. 1 - 2013

Vi har nå som ny revisor gjennomført vår interimsrevisjon og årsoppgjørrevisjon for 2012 og ønsker i den anledning å gi våre innspill og kommentarer til selskapets ledelse og styre.

Hovedhensikten med vår revisjon er å gi oss muligheten til på en forsvarlig måte å uttale oss om regnskapet. Våre kontroller er utført på testbasis og må ikke oppfattes som tester for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for regnskapet. Det må også understrekes at svakheter i regnskapssystemet og den interne kontroll kan medføre misligheter som våre normale tester ikke nødvendigvis vil avdekke.

Vi har i løpet av vår gjennomgang ikke registrert forhold som vi mener er av en så vesentlig karakter at de trenger umiddelbar oppfølging fra ledelsens side. Vi har likevel observert mulighet for forbedringer som vi har oppsummert nedenfor.

Avstemming av forsystem mot bokføring i hovedbok

Ved vår interimsrevisjon har vi foretatt en gjennomgang av deler av kommunes rutiner rundt registrering av ordre, fakturering og bokføring i hovedbok. Ved vår gjennomgang viser det seg at de fleste rutineene ikke har en overordnet beskrevet rutine i et økonomireglement.

Risikoen ved manuelle systemer og at man ikke har et overordnet økonomireglement medfører at kommunen blir sårbar og avhengig av nøkkelpersoner.

Vi vil anbefale kommunen å øke mulighetene for at sentrale rutiner er automatisert samt at det utarbeides et overordnet økonomireglement.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knaresund	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Strøme
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Roros	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserede revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.

Administratorrettigheter i økonomisystemet

Regnskapsleder har administratorrettighet til flere systemer blant annet HRM (personal og lønn). Regnskapsleder har også tilgang til å registrere i økonomi samt foreta utbetalinger fra kommunens bankkonto (drift). Økonomikonsulenten som tildeler rettigheter i Evry har også fullmakt til registrere i økonomi og foreta utbetaling fra bank.

Personer med administratorrettigheter bør fordeles på ulike nøkkelområder. Dersom der er behov for administratorrettighet for økonomi innenfor HRM bør rettigheten innenfor økonomi begrenses tilsvarende og uansett til at det ikke kan foretas utbetalinger.

Kommunen bør vurdere arbeidsdelingen som i dag er definert i økonomisystemet for de som har administratorrettigheter. Ved utbetalinger bør det være arbeidsdeling mellom den som sender til utbetaling og den som har fullmakt til å godkjenne utbetalingen.

Attestasjonsprofiler rundt attestasjon og tilvisning

Noen av kommunens attestasjonsprofiler i eye-share er kun definert med en person som tilviser inngående faktura på noen ansvarsområder. Dette gjelder eksempelvis ansvar 1110 Rådmann, 2110 Opplæring, 2520 Leabøen, 2530 Rustå, 2550 Veslefrikk, 3603 Sosial, 4401 Næring, 5110 Bibliotek, 6100 Teknisk. Kommunen begrunner forholdet med at områdene er svært nøyaktig budsjettert og at det i dag foreligger kontroll i tilknytning til fakturamottak hos regnskapsavdelingen.

Svakheter i rutiner rundt attestasjon og tilvisning øker etter vår oppfatning kommunens risiko for feil i tilknytning til misligheter og feil selv om områdene er begrensede og kommunen forutsetter at det foreligger gode budsjetteringsrutiner innenfor områdene. Kommunen plikter etter gjeldende regelverk å legge til rette for en god arbeidsdeling og å legge opp gode rutiner for attestasjon og tilvisning slik at kontrollmiljøet er godt for alle ansvarsområder. Dette reduserer risikoen for misligheter og feil vil kunne forekomme.

Vi viser til våre diskusjoner ved revisjonen og anbefaler kommunen til å sine rutiner for attestasjon og tilvisning for ansvarsområdene ovenfor. Årsak til kun tilvisning på et ansvarsområde bør dokumenteres skiftlig.

Rebudsjettering av investeringsregnskapet

Investeringsregnskapet for 2012 viser en budsjettert aktivitet på omlag 154 MNOK denne perioden. Ved gjennomgang av kommunenes rutiner rundt budsjettendringer viser at kommunen korrekt rebudsjetterer prosjekter som ikke ble gjennomført i 2011. Det gjennomføres likevel ingen rebudsjettering av investeringer som ikke blir iverksatt for 2012 slik at investeringsregnskapet viser en vesentlig lavere aktivitet enn investeringbudsjettet.

Departementet har i rundskriv av 7. april 2010 omtalt budsjettering og regnskapsføring av investeringer der de blant annet viser til at investeringsregnskapet er ettårig og at årsbudsjettet er bindende samt at investeringsbudsjettet må reguleres ved behov i tillegg til krav om balanse og krav til realisme blir omtalt. Dette for å tilfredsstille lovens krav om budsjettering av sine investeringer.

Vi viser til diskusjoner rundt rutiner for rebudsjettering og at kommunen ikke synes å ha etablert en rutine for å rebudsjettere tidligere års ikke iverksatte prosjekter i inneværende år og vil anbefale kommune å legge opp til nedjustering av sine budsjetter ved 2. tertial for prosjekter som ikke iverksettes.

Skattesaken rundt eiendomsskatt Saudafallene AS og Statkraft SF

Vi viser til redegjørelse av 10. desember 2012 og møte 20. mars der administrasjonen redegjorde for saken og for bokføringen ved fakturering av eiendomsskatt for perioden 2007 til 2012 i sammenheng med at klagenemda legger til grunn at det er Saudafallene AS som ligningsmyndighetene i dag anser for å være korrekt skattesubjekt ved utskrivning av eiendomsskatt. Det foreligger i dag en avgjørelse i felles sakkyndig klagenemd som kommunen har innrettet seg etter ved årsavslutningen for 2012.

Vi ber om en løpende oppdatering av hvordan saken utvikler seg fremover.

Svakheter tatt opp i tidligere brev til ledelsen

Vi viser til tidligere avdekkede svakheter rundt lønnsrefusjoner bokført i Evry som tidligere er tatt opp av revisor der det i økonomisystemet avsettes for mye lønnsrefusjoner mot endelig avregning fra etterberegning hos lønnsavdelingen. Kommunen synes fortsatt å være noe på etterskudd i tilknytning til korrekt bokførte lønnsrefusjonen.

Vi vil benytte anledningen til å takke for samarbeidet og den velvillighet vi har møtt fra selskapets ledelse og ansatte. Vi gjør videre oppmerksom på at selskapet i henhold til Bokføringslovens § 13 plikter å oppbevare nummererte brev fra revisor på lik linje med øvrig oppbevaringspliktig regnskapsmateriale.

Dersom det skulle være spørsmål eller kommentarer til forholdene som er nevnt i brevet, ber vi om å bli kontaktet.



Sauda kommune

Vennlig hilsen
KPMG AS

Willy Hauge
Partner
Statsautorisert revisor

Trond Kampen
Manager
Registrert revisor

cc: Sauda KU

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	14.10.13	20/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

Ikkje offentleg - Offl. § 24

PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013

Vedlegg: Revisjonsplan for Sauda kommune – Ikkje offentleg

Bakgrunn:

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksorientering:

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet.

Vedlagt følgjer KPMG sin revisjonsplan for Sauda kommune, som viser korleis revisor planlegg revisjon av rekneskapsåret 2013. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet. Revisor vil også gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet.

Opplysningar som kjem fram i møtet er unntatt offentlegheit i medhald av Offentleglova § 24.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering

Aksdal, 07.10.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.13	21/13
Kommunestyret	Januar 2014	/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON – LEGETENESTA I SAUDA KOMMUNE

Saksvedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon av Legetenesta i Sauda kommune – utarbeida av KPMG AS

Bakgrunn:

I ny plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Sauda kommune var revisjon av legesenteret/legetenesta det området som fekk høgast prioritet.

Kontrollutvalet starta våren 2013 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. Utvalet gjorde på møte i februar vedtak om at revisor skulle utarbeidde ein prosjektplan. I møte 29.04.13 blei prosjektplanen framlagd og utvalet gjorde følgjande vedtak i sak 11/13:

Kontrollutvalet i Sauda tingar ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta i Sauda kommune i fylgje vedlagde prosjektplan frå KPMG.

Utvalet vel følgjande alternativ: B, - og tilhøyrande problemstillingar. Ramma vert sett til 200 timar.

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapporten har vore på høyring til rådmannen, og han har ikkje komme med anna kommentar enn at han tek rapporten til etterretning.

Mandat:

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

- Kartleggje bemanningssituasjonen ved legesenteret slik han har vore dei siste 1-2 åra, med utgangspunkt i rekruttering, stabilitet ("turnover"), sjukefråvær, vikarbruk og overtidsbruk,
- Identifisere dei viktigaste årsakene til bemanningsutfordringane, med utgangspunkt i organisering/styringsstruktur, tilgang på kompetanse og ressursar, kompetansestyring og leiing,
- Identifisere og vurdere tiltak for å forbetre situasjonen på grunnlag av punkt 2.

For å ha eit godt vurderingsgrunnlag til å identifisere dei viktigaste årsakene til bemanningsutfordringane (punkt 2 over) har revisjonen sett det som nødvendig å gjennomgå *praksisen* ved legesenteret på utvalde område. Dette gjeld først og fremst styringsstruktur og organisering, arbeidsmiljø, tilgang på kompetanse og ressursar, kompetansestyring og leing. Revisjonen har deretter målt praksis mot revisjonskriteria, for på best mogleg vis å identifisere viktige årsaker til bemanningsutfordringane og å peike på forbettringsområde.

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine tilrådingar fram. Føremål, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta og vurderingar vert presentert i kapittel 2 og tilrådingar følgjer i rapportens kapittel 3. Uttale frå rådmannen er teke inn i kapittel 4.

I vedlegget følgjer revisjonskriteriene som inneheld aktuelle lovar og forskrifter, stillingsinstruksar og noverande styringskort for Helsesenteret.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

■ *For å gjere det meir attraktivt å arbeide ved Sauda legesenter er det viktig å styrke arbeidet med strategisk kompetansestyring. Dette inkluderar å vidareføre arbeidet med etablering av eit interkommunalt samarbeid om legevaksordninga. I tillegg bør ein vurdere å ei meir heilskapleg tilnærming til kompetansestyringa, til dømes etter mal for beste praksis (jf. vedlegg).*

■ *Samtidig er det etter revisor si vurdering vesentleg å vidareutvikle systemiske forhold (organisering og styringsstruktur) knytt til sjølve legesenteret for å gjere legesenteret til ein meir velfungerande arbeidsplass og dermed styrke føresetnadene for å halde på tilsette. For å oppnå dette, er det viktig å gjennomføre tiltak på følgjande område:*

– *Vidareutvikle styringskort for Helsesenteret/legesenteret, samt forankring og bruk av styringskortet i verksemda.*

– *Få på plass eit heilskapleg system for arbeid med HMT, inkludert målsetjingar, planar og verktøy, og nytte dette i ei systematisk utvikling av arbeidsplassen.*

– *Styrke internkontrollen ved legesenteret, herunder tydeleggjere og dokumentere roller, ansvar, rutinar og oppåver for tilsette.*

– *Styrke ressursar til og betre føresetnadene for dagleg leing av legesenteret. Særleg på bakgrunn av påpeikte manglar knytt til organisering og styringsstruktur, jf. over, er det vesentleg å få på plass ein leiar for legesenteret som får ei tydeleg definert rolle og mandat for stillinga. I denne bør det liggje klare grensesnitt mot einingsleiar, tydeleg mandat og ressursar til å prioritere utviklingsarbeid for verksemda.*

Omfang (stillingsbrøk) må vurderast opp mot ein nærmare analyse av konkrete behov, men bør i alle høve i ein overgangsperiode vere vesentleg høgare enn det som har vore vanleg for fagkoordinatorane (20 %) ved Helsesenteret.

– For alle tiltak som vert gjennomført bør ein leggje vekt på informasjon til og involvering av dei tilsette ved legesenteret.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar. Det er frå rådmannen ikkje kommentert korleis ein vil arbeide vidare med å betre forholda ved legetenesta i kommunen.

Kontrollutvalet er pålagd en oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jfr Kontrollutvalgsforskrifta § 12, slik at Sauda kommune blir bedt om å gje ei tilbakemelding på vidare arbeid om cirka eit halvt år etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om legetenesta og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 07.10.13



Odd Gunnar Høie
Utvallssekretær